



Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Sakshandsamar: Eyvin Søltnæs
Telefon: 57643135
E-post: fmsfes@fylkesmannen.no

Vår dato
02.03.2018
Dykkar dato
11.01.2018

Vår referanse
2018/127- 561
Dykkar referanse
201708021-6

Noregs vassdrags- og energidirektorat

nve@nve.no

Fråsegn til søknad om redusert minste slukeevne i Måren kraftverk, Høyanger kommune

Vi viser til oversendinga 11.1.2018 med søknad om redusert minste slukeevne for det etablerte Måren kraftverk frå 0,5 til 0,1 m³/s. Dette vil auke den årlege produksjonen med 1,4 GWh.

Vurdering

Måren kraftverk var eit omstridt prosjekt, og i høyringsfråsegna vår til konsesjonssøknaden meinte vi at utbygginga ville føre til «sterkt redusert vassføring i elva og periodevis tørrlegging av det fine fosselandskapet ved fjorden.» Etter utbygginga har fossen framleis verdi som landskapselement sett frå fjorden i periodar med mykje overløp over inntaksdammen.

Det går fram av søknaden at lågare minste slukeevne vil føre til lengre periodar med låg vassføring både sommar og vinter. Ved vassføringar mellom 0,4 m³/s og 0,8 m³/s i sommarhalvåret, og mellom 0,24 m³/s og 0,4 m³/s i vinterhalvåret, vil elva berre ha minstevassføring. Tal døgn der vassføringa i elva varierer naturleg opp til summen av minste slukeevne og minstevassføringa, er venta å verte redusert frå 87 til 18 i vått år, frå 181 til 98 i middels år, og frå 246 til 186 i tørt år (tabell s. 3 i søknaden).

Multiconsult har vurdert at planendringa vil få liten negativ konsekvens for landskap og friluftsliv. Om vinteren er det lite ferdsel på Sognefjorden, medan om sommaren vil «*fjernvirkningen av en reduksjon i vannføringen fra eksempelvis 700 l/s til 300 l/s vurderes som liten. Nærvirkningen av en slik vannføringsreduksjon vil normalt være vesentlig større, men i dette tilfellet er den berørte elvestrekningen svært lite synlig for de som ferdes langs vegen nede ved fjorden (kun en kort strekning av elva er synlig fra broa) eller langs vegen opp mot Måredalen/Flatebø (kun ca. 40 m av den berørte elvestrekningen er synlig fra denne veien).*» (s. 2 i notatet).

Vi vil understreke at fossen er godt synleg frå ferje (Nordeide-Måren-Ortnevik) og hurtigbåt (Sogndal-Bergen), som begge går nær Måren og eventuelt stoppar på bestilling. Vidare påpeika vi i konsesjonsprosessen at det kunne vere potensial for etablering av turistverksemd knytt til natur- og kulturlandskapet ved Måren.

Av terrestrisk naturmangfald er det primært fossefall, vintererle og vassdragstilknytte naturtypar, som vil vere sårbare ved reduksjon i vassføring. Multiconsult har vurdert at endringa vil få ubetydeleg konsekvens for fossefall og vintererle, og for naturtypelokaliteten fosseeng nedanfor Storefossen (vurdert til C-lokalitet før utbygging), på grunn av den eksisterande effekten av utbygginga. Når det gjeld akvatisk naturmangfald, seier Multiconsult at planendringa vil kunne «... *medføre mer langvarige perioder med ugunstige forhold (lav vannføring, høy vanntemperatur, etc.) for fisk, evertebrater og vannplanter, men det er ikke påvist viktige verdier på disse områdene i elva og konsekvensene er derfor samlet sett vurdert som små.*» (s. 3 i notatet).

I høyringsfråsegna til konsesjonssøknaden peikte vi på at utnyttingsgraden var høg (70 % av tilsiget), men denne vart noko redusert ved at den maksimale slukeevna vart redusert frå 2,5 m³/s til 2,25

m³/s, og at det vart fastsett vilkår om differensiert minstevassføring i konsesjonen. Maksimal slukeevne utgjer 126 % av middelvassføringa (oppsett til 1,79 m³/s i konsesjonssøknaden), og dette er lågt samanlikna med mange småkraftverk som har fått konsesjon dei seinare åra. Med planendringa vil minimum slukeevne verte redusert frå 28 % til 5,6 % av middelvassføringa, og vert i nedre sjikt av det som har vore vanleg for småkraftverk. Auka vassutnytting i kraftverket vil redusere dynamikken i elva, men det nye slukeevneintervallet vil framleis liggje innanfor det som etter kvart har vorte vanleg nivå for småkraftverk.

Slukeevneintervall i ein kraftstasjon er ein viktig premis for å vurdere konsekvensar av utbygginga for allmenne interesser, og i konsesjonsprosessen vart prosjektet altså justert litt ned for å finne rett balanse mellom kraftproduksjon og natur- og friluftsiinteresser. Vi meiner dette tilseier at det bør vere ein høg terskel for å auke vassutnyttinga til disfavour for allmenne interesser. Det er også uheldig med etappevis justering av eit kraftprosjekt, etter at konsesjonsvedtaket er fatta etter ei heilskapleg vurdering. Det må også takast omsyn til at ei eventuell planendring kan skape presedens.

Konklusjon

Ifølgje konsekvensnotatet vil planendringa få små konsekvensar for naturmiljø, landskap og friluftsliv, men det går også fram at slik vassføringsreduksjon normalt vil få nærverknadseffekt på landskapet. Vi meiner planendringa vil få konsekvensar for opplevinga av fossen frå ferje og hurtigbåt, som begge har rute nær land, og eventuelt stoppar i Måren. Redusert minste slukeevne vil i stor grad redusere dynamikken ved låge til moderate vassføringar, og det vert ei monaleg auke i tal døgn med berre minstevassføring.

Vassutnyttingsgraden for Måren kraftverk vart justert noko ned i konsesjonsprosessen, for å balansere kraftinteressene opp mot natur- og friluftsiinteressene. Vi meiner det vil vere uheldig å auke vassutnyttinga for å oppnå ein liten energiauke, når dette kan få konsekvensar for opplevinga av eit regionalt landskapselement.

Fylkesmannen rår frå at planendringa vert godkjend.

Med helsing

Nils Erling Yndesdal
fylkesmiljøvernsjef

Eyvin Søltnæs
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.

Kopi: Høyanger kommune
Sogn og Fjordane fylkeskommune
Miljødirektoratet